

FØREBELS

Mottaker
Adresse
Postnr. poststed

Dato: XX.10.19

Kanalveien 11
5068 Bergen

+47 55 300 600
post@holon.no

Varsel om oppstart av reguleringsendring etter forenkla prosess for del av gnr. 81 bnr. 1. m.fl. Risøy

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-8 og 12-14 blir det med dette varslet om oppstart av reguleringsendring etter ei forenkla prosess av ovennemte detaljreguleringsplan for hytter i Lindås kommune (plan-ID 1263_200808).

Forslagsstillar er Risøy Hyttevel. Utførande plankonsulent er Holon Bergen AS.

Planområdet ligg nordaust på Risøya i Lindås kommune og omfattar gnr. 81 bnr. 1 og 50-68.

Området ligg innanfor kommunedelplan for Lindsosane, Lygra og Lurefjorden (2011-2023). Planarbeidet er vurdert til å ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing etter gjeldande forskrift.

Formålet med planarbeidet er å oppdatere reguleringsplanen i tråd med eksisterande situasjon, opne for køyreadkomst til hyttane og auke utnyttingsgrad for fritidsbustad og naust, i tråd med nylig endring av Detaljregulering for Risøy Hyttefelt (plan-ID 1263201604). Sjå vedlegg 3 for liste over ynskja endringar av gjeldande detaljreguleringsplan.


Endringane er vurdert til å ha liten grad av innverknad på gjennomføringa av planen for øvrig, endringane går ikkje utover hovudrammane i planen, og råkar ikkje ved viktige natur- og friluftsområder. Endringa er hovudsakleg ein oppdatering og modernisering av planen i tråd med gjeldande regelverk og nyare tids reguleringspraksis.

På vår heimeside finner du meir informasjon, planinitiativ, forslag til plankart og referat frå oppstartsmøte med Lindås kommune: [LINK](#)

Merknader og innspel til oppstart av planarbeidet kan sendast til: Holon Bergen AS, Kanalveien 11, 5068 Bergen, eller e-post: post@holon.no

Merk alle førespurnadar med vår referanse «190390, Risøy».

Frist for merknader er sett til XX. månad 2019.



FØREBELS

Alle mottatte innspel og merknader blir vurdert og lagt ved innsendinga til Lindås kommune for sakshandsaming. Det er difor ikkje naudsynt å sende kopi til kommunen.


Spørsmål kan rettast til Holon Bergen AS ved Sunniva Skålnes Samdal på e-post sunniva@holon.no, eller tlf. 55 30 06 00.

Med beste helsing

Jan Espen Vik
Holon Arkitektur AS

Vedlegg:

- 1 *Varslingsliste*
- 2 *Oversikts- og varslingskart*
- 3 *Liste over endringar*




Vedlegg 2: Varslingsliste

Offentlege

Lindås kommune
Vegvedlikehald, Lindås kommune
Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune
NGIR
Fiskeridirektoratet

Private:




FØREBELS

Vedlegg 3: Oversikt- og varslingskart



Oversiktskart som syner planområdets plassering på Risøy



Varslingskart som syner planområdets avgrensning.